

Harald Ulland:

DET BERGENSKE EGO

Om formene eg, e og jei i bergensk

1. Presentasjon av variabelen

1.0

Eitt av dei mest frekvente ord i talt språk er 1. person eintal av det personlege pronomenet. I denne artikkelen skal eg ta for meg variasjon i uttalen av subjeksforma av dette pronomenet hos ungdom og eldre i Bergen. Særleg vil eg leggja vekt på å skilja språkleg betinga variasjon frå sosialt betinga variasjon.

1.1

Som utgangspunkt skal eg sitera kva Larsen og Stoltz skriv om dette pronomenet i bergensk i 1911. Dei formene som står oppført er:

"Betonet": eg, e

"Ubetonet": eg, e

Same stad står det at

I former som eg eller e, meg eller me osv. er det formene med g som er de ubetinget hyppigste; som det også ellers ofte hender, overføres de betonedede formers vokal temmelig ofte til de ubetonede stillinger. (Larsen og Stoltz 1911-12: 124-125)

Variasjonen, slik Larsen og Stoltz (LS) framstiller han, kan oppsummerast slik (overført til IPA, som eg skal bruka i denne artikkelen):

1. Pronomenet kan uttalast med eller utan [g].
2. Vokalkvaliteten kan variera mellom [e] og [ɛ] i trykk-svak stilling. I trykksterk stilling er det ingen variasjon i vokalkvalitet; der er [e] einerådande.

Elles er ikkje jei nemnt i det heile hos LS, noko som er litt merkeleg, av di både mei, dei, sei og dere står oppført som "daglegtaleformer", ved sida av dei "vulgære" me(g), de(g), se(g), dokker.

Dette er nok ein "glipp", eller inkonsekvens, hos LS, for i ein språkprøve med bergensk daglegtale (hos LS) førekjem [je] 5 gonger og [jei] 1 gong (Larsen og Stoltz 1911-12: 243).

1.2 TUB-materialet

I TUB-materialet er det 7090 belegg med det aktuelle pronomenet som subjekt. Desse fordeler seg slik:

A. Transkribert materiale

1. Informantar 5385
2. "Formaliserande person" 160 = 5545

- B. Ekserpert materiale = 1545
= 7090

Vi skal i første omgang byggja vår analyse på dei 5385 informantbelegga i det transkriberte materialet, som i motsetning til det ekserperte, er EDE-tilgjengeleg i form av KWIC-konkordans.

Når det gjeld fonetisk realisasjon fordeler desse belegga seg slik:

Tabell 1

Informantbelegg i det transkriberte materialet

Konsonantisme

| <u>Vokalisme</u> | j- | -g | - |
|------------------|-----|------|------|
| -ɛi - | 219 | - | 3 |
| -ɛ- | 4 | 2 | 22 |
| -ə- | 2 | 6 | 405 |
| -æ- | 6 | 1 | 5 |
| -e- | 2 | 1515 | 3192 |
| -i- | - | 1 | - |

Dei vanlegaste realisasjonane er altså [e], [eg], [ə] og [jei]. Ser vi på trykksterk posisjon åleine, får vi denne tabellen:

Tabell 2

Informantbelegg i trykksterk posisjon i det transkriberte materialet

| Konsonantisme | Vokalisme | | |
|---------------|-----------|-----|-----|
| | j- | -g | - |
| -ei- | 58 | - | - |
| -e- | 2 | 608 | 382 |
| -æ- | - | 1 | 3 |

2. Sosiolingvistiske variantar

2.0. Utifrå vår intuitive kjennskap til språkforholda i Bergen, skal vi i utgangspunktet operera med to variantar, som vi skal kalla høgstatus- og lågstatusvariant.

2.1. Høgstatus

Høgstatusvarianten, 'jei', skil seg ut på to måtar: han har eit initialt /j/, og han har diftong istf. monoftong. I det transkriberte materialet er det slik at 219 belegg har både /j/ og diftong (alltid [ɛi]), 14 belegg har /j/ , men monoftong, og 3 belegg har diftong, men ikkje /j/. Dei 3 j-lause belegg med diftong har eg tatt med under høgstatusvarianten. Av dei 14 belegga med /j/, men monoftong, har eg tatt med alle, bortsett frå seks belegg transkribert [jæ], som ser ut til å vera ei samantrekning av ja og e, som i dette dømet:

ja pasə 'uŋab o so 'syŋab eg
(035C)

Alle desse seks belegga finn vi hos informantar som elles ikkje har brukt 'jei'.

Vi får dermed seks belegg som går ut or korpus fordi det kan reisast tvil om kva variant dei høyrer heime under.

2.2 Lågstatus

Lågstatusvarianten, 'eg', har i utgangspunktet også to kjenneteikn: monoftong og final /g/. Når det gjeld desse kjenneteikna, fordeler det transkriberte materialet seg slik:

1525 belegg har både monoftong og final /g/
3624 belegg har monoftong, men ikkje final /g/

Det kan reisast tvil om kva variant formene [ɛ] og [ə] bør rubriserast under. Vi har jo sett at fullforma [jei] kan reduserast til [jɛ], [jə] og då kan ein tenkja seg vidare reduksjon til [ɛ], [ə]. Men det transkriberte materialet viser òg at final g i eg blir mykje lettare utelate enn initial j i jei. Det er derfor meir naturleg å tenkja seg at det er fullforma eg som kan reduserast til [ɛg], [əg] og vidare til [ɛ], [ə]. Eg skal derfor rubrisera alle belegg med berre monoftong under lågstatusvarianten.

Dermed kan vi oppsummera slik:

Høgstatus: j og/eller diftong

Lågstatus: monoftong og evt. g

2.2.1. Forholdet mellom eg og e

Varianten 'eg' kan som nemnt realiserast med eller utan /g/, det skal eg i det følgjande notera eg og e. Det er viktig å få klarlagt kva det er som bestemmer distribusjonen av eg og e, spesielt om det er språklege eller utanomspråklege faktorar som verkar inn. Det første vil vera ein indikasjon på at et eg og e til saman utgjer éin (sosiolingvistisk) variant, det andre vil vera ein indikasjon på at vi har å gjera med to variantar.

2.2.1.1. Språklege faktorar

2.2.1.1.1. Trykk

Tabell 3

Fordeling av eg og e etter trykk

| | Trykksterk | Trykksvak | sum |
|-----|------------|-----------|-------|
| eg | 609 | 916 | =1525 |
| | 61,3 % | 22,0 % | |
| e | 385 | 3239 | =3624 |
| | 38,7 % | 78,0 % | |
| sum | = 994 | = 4155 | =5149 |

Forskjellen i fordeling av eg og e i tst. og tsv. posisjon er signifikant, målt med kji-kvadrat-testen ($p < 0,01$). Dessutan blir det brukt meir eg enn e i trykksterk posisjon ($p < 0,01$), og meir e enn eg i trykksvak posisjon ($p < 0,01$). Men her er det viktig å understreka at ein då ser på alle informantane under éitt, som om dei var berre éin språkbrukar. Dette er eit prinsipp det kan reisas sterke innvendingar mot. Derfor har vi undersøkt korleis fordelinga blir på informantnivå. Som mål har vi brukt relativ frekvens av e på varianten 'eg'. Dei relative frekvensane har vi delt inn i intervall på denne måten (x = relativ frekvens av e):

0 = ingen belegg med e, dvs. berre belegg med eg

0+ = $0 < x < 10$

10+ = $10 < x < 20$


20+ = $20 < x < 30$

osb.

100 = berre belegg med e, ingen belegg med eg

Figur 1

Informantar etter relativ frekvens av e



I trykksterk posisjon

I trykksvak posisjon


Skravering står for frekvensar som byggjer på mindre enn 5 belegg. (Dobbelskravering = mindre enn 3 belegg).

Her ser vi at i trykksterk posisjon er det ganske stor spreiding, men det er ein tendens til normalfordeling rundt eit gjennomsnitt på 40-50 % e (eller om ein vil: 50-60 % eg). Denne tendensen kjem sterkare fram om ein ser bort frå frekvensar som byggjer på mindre enn 5 belegg. I trykksvak posisjon er det tydeleg normalfordeling, rundt eit gjennomsnitt på ca 80 % e (og dermed ca 20 % eg). Her er det ikkje så stor spreiding. Ingen informantar brukar berre eg i trykksterk posisjon, og det er svært få informantar som har over 50 % eg.

Figur 2 viser korleis kvar informant blir plassert etter relativ frekvens av e i trykksterk og trykksvak posisjon.

Figur 2

Informantar etter relativ frekvens av e 1



¹Seks informantar som er med i diagrammet til høgre i figur 1, er ikkje med i figur 2, fordi dei manglar belegg i trykksterk posisjon.

Her ser vi at informantane utgjer ein relativt homogen masse. Svært mange av dei plasserer seg innafor ei grense på 60-90 % e i tsv posisjon og 10-60 % e i tst posisjon.

Berre to informantar har konsekvent eg i tst og e i tsv posisjon, men desse to har få belegg. Det same gjeld dei tre informantane som alltid brukar e.

Nesten alle informantane plasserer seg til venstre for den oppstreka diagonalen, dvs. at dei har meir e i tsv enn i tst posisjon.

Å seia at eg er den trykksterke forma og e den trykksvake, ville vera heilt misvisande. Som nemnt er det berre to informantar som har ei slik fordeling. Men det er ein tendens hos (nesten) kvar einaste informant til meir e i tsv enn i tst posisjon (og ergo meir eg i tst enn i tsv posisjon).

Ser vi tst og tsv kvar for seg, er det slik at i tsv posisjon har dei aller fleste mest e. Derimot har ikkje dei aller fleste mest eg i tst posisjon: det er ganske mange som har overvekt av e både i tst og tsv posisjon. ¹ Elles er det interessant at i tst posisjon er det fleire informantar med e som eineform enn det er med eg som eineform, endå eg er den forma som totalt sett står sterkast i tst posisjon.

2.2.1.1.2. Segmentalfonetisk kontekst

I og med at skilnaden mellom eg og e ligg "til høgre" i den lineære uttryksrepresentasjonen, er det mest naturleg å leita etter forskjell i distribusjon i forhold til påfølgjande segment. Det er lite truleg at segmentet før e/eg skulle ha nokon innverknad.

Tabell 4 viser fordelinga av e og eg i forhold til første segment i neste ord. Ein del segment var det nødvendig å slå saman av datatekniske årsaker.

¹Berre éin informant har overvekt av eg både i tst og tsv posisjon.

Tabell 4

Fordeling av e og eg i forhold til første segment i neste ord

| | <u>e</u> | <u>eg</u> | Relativ frekvens av <u>e</u> |
|-----------------------|----------|-----------|------------------------------|
| o | 19 | 137 | 12,2 |
| e,ɛ | 42 | 145 | 22,5 |
| i | 36 | 88 | 29,0 |
| PAUSE | 288 | 408 | 41,4 |
| u | 9 | 12 | 42,9 |
| u | 6 | 8 | 42,9 |
| a | 125 | 155 | 44,6 |
| ə | 24 | 22 | 52,2 |
| h | 300 | 257 | 53,9 |
| n | 50 | 16 | 75,8 |
| d | 93 | 21 | 81,6 |
| m | 93 | 15 | 86,1 |
| ʃ | 26 | 4 | 86,7 |
| p | 82 | 12 | 87,2 |
| s,ʃ | 703 | 92 | 88,4 |
| c,ç | 72 | 8 | 90,0 |
| f | 147 | 15 | 90,7 |
| j | 158 | 15 | 91,3 |
| g | 158 | 15 | 91,3 |
| l | 97 | 9 | 91,5 |
| b | 103 | 9 | 92,0 |
| t | 248 | 21 | 92,2 |
| k | 168 | 14 | 92,3 |
| v | 571 | 26 | 95,6 |
| LAGFREKVENTE SEGMENT: | | | |
| y | 1 | 0 | |
| æ | 3 | 0 | |
| ø | 2 | 1 | |
| Totalt | 3624 | 1525 | 70,4 |

Det går eit klart skilje mellom vokalar, /h/ og pause på den eine sida, og konsonantar (unntatt /h/) på den andre. At nett /h/ plasserer seg blant vokalane er ikkje så merkeleg, det er jo den "minst konsonantiske" av konsonantane. Reint faktormessig er /h/ ein vokal,¹ det er berre distribusjonen som gjer han til ein konsonant. (Jf. Chomsky/Halle 1968: 302f og Borgstrøm 1973:30ff).

Det som skil dei to gruppene her, blir altså faktoren [oralt hemme], og vi får denne tabellen:

Tabell 5


Fordeling av eg og e i forhold til faktoren oralt hemme i påfølgjande segment

| | + oralt hemme | - oralt hemme | sum |
|-----|----------------|----------------|--------|
| eg | 293 9,6 % | 1233 59,1 % | = 1526 |
| e | 2768 90,4 % | 855 40,9 % | = 3623 |
| sum | = 3061 | = 2088 | = 5149 |

Her er det signifikant forskjell i fordeling mellom eg og e ($p < 0,01$); det er meir e enn eg føre [+oralt hemme] ($p < 0,01$), og meir eg enn e føre [-oralt hemme] ($p < 0,01$). Men også her er det viktig å sjå om den same tendensen gjer seg gjeldande på informantnivå.

¹Eller rettare ein ikkje-konsonant, i Chomsky/Halles terminologi.

Figur 3 Informantar etter relativ frekvens av e




Her er det vel rett å seia at i posisjonen føre eit segment med faktoren [+oralt hemme], er det heller små individuelle forskjellar (liten inter-individuell variasjon). 90 av 104 informantar har minst 80 % e i den posisjonen.

Derimot er det større inter-individuell variasjon i posisjonen føre eit segment med faktoren [- oralt hemme], men det er likevel ei tydeleg normalfordeling rundt eit gjennomsnitt på ca 40 % e.

Medan vi på materialnivå drog den konklusjonen at det føre [- oralt hemme] blir brukt meir eg enn e, ser vi av figur 4 at dette ikkje stemmer for 37 informantar, dvs. det er 37 informantar som har like mykje eller meir e enn eg føre [-oralt hemme].¹

¹ Rett nok har vi ikkje signifikantesta fordelinga for kvar informant, men tala viser likevel kor viktig det er å ta med informantnivået, og ikkje berre operera på materialnivå.

Figur 4

Informantar etter relativ frekvens av e

Teiknforklaring: sjå figur 2.

2.2.1.2. Utanomspåkelege faktorar

Generelt sett er det to språkelege faktorar som favoriserer eg: trykksterk posisjon, og faktoren (- oralt hemme) i påfølgjande segment. Men det er likevel ein del informantar som brukar mest e i slike eg-favoriserande kontekstar.

Nå viser det seg at om vi samanliknar kvar informants relative frekvens av e i eg-favoriserande kontekstar med relativ frekvens av høgstatusvarianten, 'jei', på variabelen, får vi ein korrelasjonskoeffisient (Pearson) på +0,47 (for trykksterk posisjon) og +0,61 (for [- oralt

hemme].¹ Dei som brukar mest e der ein minst skulle ha venta det, er altså dei som elles har mest bruk av 'jei'. Jo meir bruk av 'jei', jo større del får e av varianten 'eg'.

Vi reknar med at fordelinga av høgstatusvarianten, 'jei', og lågstatusvarianten, 'eg', er styrt av utanomspråkelege faktorar. Når vi så finn ein samanheng mellom bruk av 'jei' og preferanse av den eine av formene e og eg, er det naturleg å dra den konklusjon at utanomspråkelege faktorar også er med på å styra distribusjonen av e og eg.

Det ser altså ut for at både språkelege og utanomspråkelege faktorar verkar inn på fordelinga av e og eg. Sjølv om vi i utgangspunktet reknar e og eg for éin variant, verkar det som e står i ei mellomstilling mellom jei og eg. Dei som gjerne brukar høgstatusvarianten, kan akseptera e, men ikkje eg, ser det ut for.

Av og til kan pronomenet vera representert to gonger i same setning, på vanleg subjektplass og i final ekstraposisjon. Eit vanleg mønster er då e i det første tilfellet og jei i det andre:

- e 'kan f'ka 'f'ka j'ei (001 A)

- e 've:t ik' 'jei also (047 S)

- e 'pl'f'ia 'go: om 's'nda ' j'ei (079 S)

Dette kan tolkast på ulike vis. Tildømes kan ein sjå det slik at varianten 'jei' kan realiserast fonetisk som [j'ei] eller [e] alt etter posisjon i setninga. Ei ombyting av dei to formene ville vera utenkjeleg²:

* [j'ei] kan fra før a' [e]

Eller så er dette døme på at ein startar setninga i "lågstatus-prega" talemål og slår om når ein kjem til slutten av setninga, altså eit slags kodeskifte midt inne i setninga. Eit slikt skifte er iallfall vanleg frå ei setning til neste:

- dumast' e a v'vt 'me: po / 'j'ei

skul' v'sta:pə so 'val'ki a 'stupt f'ø' (079 A)

- 'e: sa t' 'l'lan i som' o da kom'ø'

j'ei ik' t' o t'ø' 'ba:də en ga, (001 A)

¹signifikant på nivået 0,001 (for begge).

²Ifølgje Egil Pettersen

I eit par tilfelle er det ein informant som "rettar" seg sjølv:

- t: h'a 'sæt h'an' / o e 'synst / 'jli
 syns h'an va v'ldi akti, aso (013 S)
 -oja' eg 'den 'so: jfi^ (013 S)

3. Situasjonell variasjon

Informantane kan delast i tre grupper etter kor belegga deira er henta frå:

- A,B,C,S og X : 3 informantar (008,049 og 054)
 A,B,C,S : 58 "
 S,X : 43 "

I situasjon B er det så få belegg, at den bør haldast utanfor. La oss sjå på situasjonane A,C og S, som er aktuelle for 61 informantar. Då får vi desse gjennomsnittsprosentane av 'jei' pr informant:

- A 2,3 %
 C 2,5 %
 S 3,2 %

38 av desse informantane har ikkje variert i det heile. Dei har berre brukt 'eg' i alle situasjonane. Ser vi på dei 23 informantane som har variert, blir gjennomsnittsprosentane slik:

- A 6,0 %
 C 6,7 %
 S 8,5 %

I tabell 6 står oppført dei tala som desse gjennomsnittsprosentane byggjer på.

Tabell 6

Relativ frekvens av 'jei' pr informant pr situasjon (for dei informantane som har brukt 'jei' i det heile).

| infno | A | C | S |
|-------|------|------|------|
| 001 | 52,2 | 40,9 | 46,2 |
| 006 | 0 | 0 | 14,3 |
| 011 | 0 | 30,8 | 0 |
| 013 | 11,1 | 35,7 | 15,2 |
| 016 | 3,8 | 0 | 0 |
| 021 | 4,3 | 0 | 33,3 |
| 023 | 0 | 0 | 9,1 |
| 025 | 0 | 5,1 | 0 |
| 026 | 1,5 | 0 | 0 |
| 027 | 5,0 | 0 | 0 |
| 029 | 0 | 0 | 12,5 |
| 030 | 0 | 0 | 18,8 |
| 036 | 2,2 | 0 | 0 |
| 038 | 2,6 | 0 | 0 |
| 049 | 12,5 | 0 | 0 |
| 052 | 0 | 0 | 3,2 |
| 065 | 0 | 0 | 2,1 |
| 077 | 3,1 | 0 | 6,3 |
| 078 | 8,7 | 0 | 0 |
| 079 | 19,5 | 30,0 | 34,8 |
| 080 | 9,1 | 8,7 | 0 |
| 081 | 0 | 3,4 | 0 |
| 089 | 1,9 | 0 | 0 |

Med Students t-test for korrelerte grupper blir det ingen signifikant skilnad mellom A og C, A og S eller C og S på nivået 0,05.

For dei andre informantane (dei som ikkje har vore med på gruppeoptak) kan vi berre testa om det er skilnad på S og X (dei to fasane av samtaleoptaket). Her er tala for dei som har variert mellom 'jei' og 'eg':

Tabell 7

| <u>infno</u> | <u>S</u> | <u>X</u> | |
|---------------|-------------|-------------|-------|
| 019 | 66,7 | 52,9 | yngre |
| 020 | 37,5 | 11,1 | |
| 047 | 57,1 | 50,0 | |
| 053 | 5,3 | 0 | |
| 093 | 0 | 6,7 | |
| 095 | 77,8 | 95,8 | eldre |
| 096 | 0 | 1,6 | |
| 097 | 25,0 | 0 | |
| 099 | 84,6 | 84,6 | |
| 100 | 73,7 | 83,6 | |
| 101 | 71,4 | 79,2 | |
| 102 | 15,8 | 29,4 | |
| <u>gj.sn.</u> | <u>42,9</u> | <u>41,2</u> | |
| <u>yngre</u> | <u>41,6</u> | <u>28,5</u> | |
| <u>eldre</u> | <u>43,5</u> | <u>47,6</u> | |

Av 31 ungdomsinformantar er det berre 4 som har brukt 'jei' i samtaleopptaket. Men alle desse 4 har høgare 'jei'-prosent i første delen (=S) enn i andre delen (=X) av opptaket. Skilnaden mellom S og X for desse 4 er signifikant på 0,05-nivået (Students t-test for korrelerte grupper).¹ For dei 8 eldre som har variert, er det ikkje signifikant skilnad på S og X.

I den grad ein kan dra konklusjonar når variasjonen gjeld såpass få informantar, ser det altså ut for at det berre er ungdom som reduserer bruken av høgstatusvariant etter kvart som dei blir "varme i trøya".

Om dette stemmer generelt, kan vel berre bekreftast dersom tala frå andre variablar går i same retning.

¹Utgangspunktet er då ein "ein-sidig hypotese" om at tidsfaktoren spelar inn slik at bruken av høgstatusformer minkar (og ikkje aukar) frå første til siste del av intervjuet.

Når det gjeld denne variabelen, kan vi gå tilbake og sjå på A og C, som var første og siste del av gruppeopptaket. Her skulle vi då venta mindre bruk av 'jei' i C (når informantane var blitt "varme i trøya"), men det motsette er tilfelle (sjøl om skilnaden ikkje er signifikant). Her kjem sjølsagt det momentet inn at C var den formelle delen av gruppeopptaket, der ein ikkje-informant, som snakka "pent" bergensk, var med i (og styrte) samtalen. Nå kan det jo henda at desse to momenta (informantane meir "varme i trøya" og samtalen meir formell) har vege opp kvarandre, og at ein av den grunn ikkje har fått signifikant skilnad mellom A og C. Kanskje ville ein fått det dersom ein hadde starta med den formelle situasjonen og tatt den uformelle til slutt.

Ser vi på situasjonane A og S, er dei begge førstedelar av opptak, så her kjem ikkje tidsfaktoren inn som forstyrrende moment. Likevel er skilnaden mellom nett desse to situasjonane den som ligg nærast signifikant. Men her må vi ta med i vurderinga at intervjuleiaren, som nok virka minst like formell som formaliserande person i gruppeopptaka, sjøl brukte eg og aldri jei (Han snakka sin eigen dialekt frå Ytre Nordfjord).

4. Sosiolingvistisk analyse av variabelen.

I denne analysen skal vi byggja på individuelle relative frekvensar av høgstatusvarianten, 'jei', i dei gruppene som skal samanliknast. Når det gjeld signifikanstesting, skal vi bruka Mann-Whitneys U-test ved samanlikning av to grupper, og Kruskal-Wallis' test når fleire enn to grupper skal samanliknast.¹ Det kan og vera av interesse å vita den gjennomsnittlege relative frekvensen av høgstatusbelegg i kvar informantgruppe, derfor skal vi opplysa om den, sjølv om det ikkje er den som ligg til grunn for signifikans-

¹For ei nærare drøfting av problemet om kva som høver best av parametriske og ikkje-parametriske testar, viser eg til Myking (1983).

testinga. Som forkastningsnivå for null-hypotesen er brukt 0,05 når ikkje anna er oppgitt. Ungdom og eldre skal vi analysere kvar for seg.

4.1 Ungdom

Tabell 8

Gjennomsnittleg relativ frekvens av 'jei'

| KJØNN | BYDEL | |
|--------------|----------------|--------|
| Jenter 5,3 % | Fana sentrum | 11,9 % |
| Gutar 1,0 % | Bergen sentrum | 6,8 % |
| | Åsane | 3,2 % |
| | Laksevåg | 1,3 % |
| | Fyllingsdalen | 0,7 % |
| | Ytre Fana | 0, % |
| | Ytre Arna | 0,1 % |
| | Indre Arna | 0,0 % |

Tabell 9

Fordeling av informantar i intervall etter relativ frekvens av 'jei'

| KJØNN | 0 % | 0-10 % | over 10 % |
|--------|-----|--------|-----------|
| Jenter | 29 | 12 | 5 |
| Gutar | 36 | 9 | 1 |

SOSIAL-

| GRUPPE | 0 % | 0-10 % | over10 % |
|--------|-----|--------|----------|
| 1 | 16 | 7 | 5 |
| 2 | 22 | 10 | 0 |
| 3 | 27 | 4 | 1 |

| BYDEL | 0 % | 0-10 | over 10 % |
|--------------|-----|------|-----------|
| Fana s. | 7 | 2 | 3 |
| Bergen s. | 8 | 2 | 2 |
| Åsane | 5 | 6 | 1 |
| Laksevåg | 7 | 5 | 0 |
| Fyllingsd. 8 | | 4 | 0 |
| Y.Fana | 11 | 1 | 0 |
| Y.Arna | 7 | 1 | 0 |
| I.Arna | 12 | 0 | 0 |

Tabell 10

Rangnummer

KJØNN

Jenter: 1,2,3,4,6,7,8,10,12,14,15,17,18,19,20,24,27,28(x29)

Gutar: 5,9,11,12,15,21(x2),23,25,26,28(x36)

SOSIALGRUPPE:

1: 1,2,3,4,5,7,9,11,12,17,20,26,28(x16)

2: 8,10,14,18,19,21,23,25,28(x22)

3: 6,12,15(x2),24,28(x27)

BYDEL:

Fana sentrum: 1,2,5,8,18,28(x7)

Bergen sentrum: 3,4,9,21,28(x8)

Åsane: 6,7,14,15,20,25,26,28(x5)

Laksevåg: 10,11,12,17,21,28(x7)

Fyllingsdalen: 12,15,19,24,28(x8)

Ytre Fana: 23,28(x11)

Ytre Arna: 27,28(x7)

Indre Arna: 28(x12)

4.1.1. Kjønn.

I tidlegare sosiolingvistiske arbeid er det påvist meir bruk av høgstatusformer blant kvinner enn blant menn. Men det er særleg hos eldre denne skilnaden har vore markant. I ei undersøking av 12 variablar i trondheimsmål er det funne ein forskjell i bruk av høgstatusformer mellom kvinner og menn på 11 % i aldersgruppa 20-36 år, 37 % i gruppa 37-62 år og 45 % i gruppa 63-82 år. (Fintoft/Mjaavatn 1980). Alderen på ungdomsinformantane i TUB er 15-16 år. Brukar jenter i Bergen i den alderen meir 'jei' enn sine jamaldringar av motsett kjønn? Statistisk testing viser at dei brukar signifikant meir 'jei', men her må det leggjast til at over halvparten av både jentene og gutane ikkje brukar 'jei' i det heile. Så det er relativt få informantar som gjer at vi får signifikant utslag: Men forskjell i språkbruk etter kjønn er altså ikkje utviska ennå, når det gjeld denne variabelen i bergensmålet.

4.1.2 Sosialgruppe

Mange sosiolingvistiske undersøkingar har vist samanheng mellom sosio-økonomisk status og bruk av spesielle språklege variantar. Nå kan det jo leggjast så mangt i omgrepet sosioøkonomisk status. I TUB-prosjektet er informantane delt inn i tre "sosialgrupper" etter yrkesstatus; for ungdomsinformantane er det då farens yrke som ligg til grunn. Inndelinga er slik:

Sosialgruppe 1: Yrke med høg status

Sosialgruppe 2: Yrke med middels høg status

Sosialgruppe 3: Yrke med låg status

Vår hypotese er at bruken av 'jei' aukar trinnvis med stigande yrkesstatus. Ein slik hypotese får vi berre delvis bekrefta ved statistisk testing: signifikant utslag blir det berre mellom sosialgruppe 1 og sosialgruppe 3. Nå har vi ein mistanke om at sosialgruppeinndelinga, som byggjer på Skrede 1960, ikkje stemmer så godt med den status dei ulike yrka har i dag, særleg når det gjeld skiljet mellom gruppene 2 og 3 (i gruppe 2 kjem bl.a. postbetjentar og servitørar, i gruppe 3 bl.a. metallarbeidarar). Dette kan vera for-

klaringa på at vi ikkje får signifikant utslag mellom gruppene 2 og 3. For å finna ut om det er sosialgruppe 1 som skil seg ut frå 2 og 3, eller om det er sosialgruppe 3 som skil seg ut frå 1 og 2, har vi også signifikantstesta desse konstallasjonane. Det viser seg då at dei i sosialgruppe 1 brukar signifikant meir 'jei' enn dei andre sett under eitt. Derimot skil ikkje dei i sosialgruppe 3 seg ut frå dei to andre gruppene sett under eitt. Dette at sosialgruppe 1 skil seg ut, gjeld likevel ikkje isolert sett for gutar, berre for jenter.

4.1.3 Bydel

Her er det naturleg å starta med ein ikkje-direksjonell ("tosidig") hypotese. Den går ut på at det er ulik bruk av 'jei' i dei ulike bydelane, men vi har i utgangspunktet ikkje noka meining om i kva retning ein slik ulikskap skulle gå. I alle fall kan vi ikkje på førehand rangera alle dei åtte bydelane innbyrdes. At det er ulikskap, blir bekrefta av Kruskal Wallis's test.

Såkalt "pent" språk i Stor-Bergen assosierer vi vel først og fremst med Fana sentrum og Bergen sentrum. Dessutan ventar vi at dei mest perifere delane av kommunen, dvs. Arna og Ytre Fana, skal ha minst bruk av høgstatusformer. Mellom dei to nemnde grupperingane er det signifikant forskjell i den retninga vi venta ($p < 0,01$). Men det er også signifikant forskjell mellom Laksevåg, Fyllingsdalen og Åsane på den eine sida og Arna og Ytre Fana på den andre ($p < 0,001$). Derimot er det ikkje meir bruk av 'jei' i Fana sentrum og Bergen sentrum enn i Laksevåg, Fyllingsdalen og Åsane. Likevel er det interessant at desse to grupperingane har eit ulikt mønster, når vi ser på tabell 9. Det er relativt fleire informantar i dei to "ekstreme" gruppene (0 % og over 10 % 'jei') i BS og FS, medan det er relativt fleire i mellomgruppa (0-10 % 'jei') i LA,FD og AS. Dei tre sist-

nemnde bydelane viser altså eit meir homogent mønster enn dei to førstnemnde. Ein indikasjon på homogeniteten er standardavviket for relativ frekvens av 'jei', som er:
 FS 21,3 BS 15,0 AS 6,5 LA 1,9 FD 1,0
 Jo lågare standardavvik, desto større er homogeniteten.

Kva er det så som skaper det heterogene mønsteret i BS og FS? Det ser vi av ein tabell over relativ frekvens av 'jei' for kvar informant i desse bydelane:

Tabell 11

Relativ frekvens av 'jei' for informantar i FS og BS

| FS | sosgrup | | | BS | sosgrup | | |
|--------|---------|-----|---|--------|---------|---|---|
| | 1 | 2 | 3 | | 1 | 2 | 3 |
| jenter | 56,7 | 7,0 | 0 | jenter | 48,7 | 0 | 0 |
| | 53,7 | 2,1 | 0 | | 24,7 | 0 | 0 |
| gutar | 23,5 | 0 | 0 | gutar | 6,5 | 0 | 0 |
| | 0 | 0 | 0 | | 0 | 0 | 0 |

Vi ser at heterogeniteten har tydeleg samanheng med det velkjende kjønns- og sosialgruppemønsteret for bruk av høgstatusvariant. Av dei to er det sosialgruppefaktoren som skil sterkast. Når det gjeld forholdet mellom FS+BS og LA+FD+AS, kan det godt tenkjast at det er ulikt alt etter kva sosialgruppe vi har med å gjera. Om vi testar ein slik ikkje-direksjonell hypotese for kvar sosialgruppe, får vi som resultat:

Sosialgruppe 1: signifikant ulikskap, FS+BS meir 'jei' enn LA+FD+AS

Sosialgruppe 2: ikkje signifikant ulikskap

Sosialgruppe 3: signifikant ulikskap, LA+FD+AS meir 'jei' enn BS+FS.

Eit slikt utslag for sosialgruppe 3 kjem av at det i LA+FD+AS er 5 (av 12) informantar som har brukt 'jei', mot ingen (av 8) i BS+FS. Dermed er det altså 5 informantar frå LA+FD+AS som kjem før alle frå BS+FS når informantane blir ordna etter rang (for relativ frekvens av 'jei'). Det

testen ikkje tek omsyn til (fordi det er ein ikkje-parametriske test) er at desse 5 informantane har svært små prosent-tal for 'jei'. Det ein først og fremst skal merka seg er at i BS og FS slår den sosiale lagdelinga klart ut i ulik språkbruk, medan dette ikkje på nokon måte er tilfelle i LA,FD og AS. Og dermed får vi altså også dette noko uventa resultatet, at om vi ser på sosialgruppe 3 isolert, er det meir bruk av 'jei' i LA+FD+AS enn i BS+FS. Om vi testar kvart kjønn for seg, får vi berre insignifikante resultat.

4.2. Eldre

Tabell 12

Relativ frekvens av 'jei' for eldre informantar

| Kjønn | Sosgrup | | | Gj.snitt |
|----------|---------|------|-----|----------|
| | 1 | 2 | 3 | |
| Kvinner | 84,6 | 88,1 | 5,2 | 43,3 |
| | 77,4 | 4,3 | 0 | |
| Menn | 81,1 | 1,3 | 0 | 18,1 |
| | 26,4 | 0 | 0 | |
| Gj.snitt | 67,4 | 23,4 | 1,3 | 30,7 |

4.2.1. Eldre/ynge

Då alle dei eldre informantane er frå Bergen sentrum, skal vi samanlikna eldre og yngre berre for denne bydelen. Ut frå det vi veit generelt om aldersfaktoren og språkbruk, set vi opp ein hypotese om at eldre brukar meir 'jei' enn yngre. Dette blir bekrefta av signifikanstesting med Mann-Whitney.

4.2.2. Kjønn

Ut frå det som tidlegare er sagt om kjønn og alder (jf. 4.1.1.), skulle vi venta ein større forskjell etter kjønn for denne aldersgruppa (70-åringar), enn for ungdomane. Men her viser det seg at ein hypotese om at eldre kvinner brukar meir 'jei' enn eldre menn ikkje blir bekrefta av statistisk testing.

Ein kan då spørja seg om det verkeleg er slik at språk-forskjellane mellom kjønna sett i forhold til alder i Bergen går på tvers av det som er vanleg andre stader. Her er det to moment som det må takast omsyn til: storleiken på utvala er forskjellig for eldre og yngre, og dei eldre informantane er alle frå Bergen sentrum, medan dei yngre er frå heile Bergen kommune.

At storleiken på utvala har noko å seia, viser det faktum at hos ungdommane blir det utslag på faktoren kjønn generelt (utval: 46 av kvart kjønn), men ikkje for nokon av bydelane for seg (utval: 6 av kvart kjønn).

I Bergen sentrum er det såleis ikkje signifikant meir bruk av 'jei' blant kvinner enn blant menn, og heller ikkje meir blant jenter enn blant gutar, i dei aldersgruppene vi opererer med i denne undersøkinga.

4.2.3. Sosialgruppe

Her må det understrekast at sosialgruppeinndelinga hos dei eldre byggjer på tidlegare yrke (evt. ektefelles tidlegare yrke). Ein kunne jo tenkja seg "pensjonist" som ein eigen yrkeskategori, med låg sosiøkonomisk status. Vi held det likevel for sannsynleg at det er det tidlegare yrket som "avgjer" språkbruken, fordi ein gjerne vil identifisera seg med dette yrket også etter at ein har "gått av", og ei omlegging av språkbruken i så høg alder er lite sannsynleg. Det viser seg at vi får same utslag som vi fekk for dei yngre, generelt og i Bergen sentrum: dei i sosialgruppe 1 brukar meir 'jei' enn dei andre (signifikante forskjellar mellom sosialgruppene 1 og 3 og mellom 1 og 2+3).

5. Konklusjon

Det som sermerkjer denne leksikalske variabelen, er at han er høgfrekvent, og at dei to variantane fonetisk er heilt ulike (utan noko felles segment). Dei andre leksikalske variablane har jo ofte variantar med minst eitt segment til felles, som regel initialt, jf.: då/da, mykje/mye, meg/mei.

Den høge frekvensen gir eit sikrare talgrunnlag for dei individuelle høg/lågstatusfordelingane enn på mange andre variablar. Den klare ulikskapen mellom variantane kan vera ein av grunnane til at folk gjerne legg merke til om nokon stikk seg ut frå det som er norma ("gruppenorma", norma i miljøet) når det gjeld denne variabelen. (Denne norma vil i somme tilfelle vera høgstatusvarianten, i andre tilfelle lågstatusvarianten).

Eit tredje karakteristikum ved denne variabelen er at ei spesiell form av lågstatusvarianten, e, blir føretrekt framfor den andre, eg, av dei som elles brukar høgstatusvarianten, medan dei som berre brukar lågstatusvarianten ikkje viser den same preferansen. Dette reiser spørsmålet om det er rettast å operera med tre variantar på denne variabelen, med e som ein "mellomstatus-" eller nøytral variant. Når eg likevel meiner at formene e og eg ikkje skal ha variantstatus, er det fordi språkleg kontekst i så høg grad spelar inn når det gjeld distribusjonen.

Men i dei tilfelle e blir brukt når den språklege konteksten tilseier eg, kan det vera grunn til å tolka det som at ein både vil unngå den stigmatiserte forma jei og det ein oppfattar som altfor lågstatusprega, eg.

Skal ein døma utifrå informantutvalet i TUB, har høgstatusvarianten 'jei' ei sers svak stilling hos ungdom i Bergen. Berre tre ungdomsinformantar har ein 'jei'-frekvens rundt 50 %, tre har 20-25 % 'jei', resten har under 10 % eller ikkje 'jei' i det heile. Om det finst ein høgstatus-bastion når det gjeld bruk av 'jei', så er den stort sett avgrensa til jenter i sosialgruppe 1 i Fana og Bergen sentra.

TUB-materialet har ikkje avdekt situasjonell veksling mellom 'jei' og 'eg'. Det kan anten koma av at slik veksling ikkje finst, eller at situasjonane ikkje var ulike nok. Ein situasjonstype som manglar er éin ungdom i formell samtale med ein eller fleire vaksne. Når dei, som i gruppeoptaketets siste del, var "fire mot ein", kan det godt henda at solidaritetskjenla med dei andre ungdommane var sterkare enn presset frå (eller: solidaritetskjenla med) den formaliserande personen, som kunne ha ført til meir bruk av høgstatusvarianten. Ein skal altså ikkje sjå bort ifrå at det kan finnast situasjonar der somme av dei ungdommane som var informantar ved TUB-prosjektet kanskje ville ha brukt 100 % eller i nærleiken av 100 % 'jei'.

Den skarpe skilnaden mellom yngre og eldre kan tolkast på to måtar: diakront, eller som generasjonsfenomen. Med den første tolkingsmåten ville ein måtta konkludera med at 'jei' var på retur i bergensk. Det er lite sannsynleg. Den andre tolkingsmåten inneber som konklusjon at ungdommen brukar nesten berre 'eg' så lenge dei er ungdom, men etter kvart som dei kjem inn i dei vaksne sine rekkjer, vil mange av dei gå over til meir bruk av 'jei'. Det er vel meir sannsynleg. Men TUB-materialet kan ikkje i seg sjølv brukast som prov på nokon av dei to tolkingsalternativa.

Litteraturliste

Borgstrøm, C.H.(1973): Innføring i sprogvidenskap. Oslo-Bergen-Tromsø.

Chomsky, N. og Halle, M.(1968): The sound pattern of English. New York.

Fintoft, K. og Mjaavatn, P.E.(1980): Språksosiologiske forhold i Trondheim bymål. Trondheim.

Larsen, A.B. og Stoltz, G.(1911-12): Bergens bymål. Kristiania.

Myking, Johan(1983): "Adverba då og no i bergensmålet. Lingvistisk og sosiolingvistisk variasjon." i Talemål i Bergen 2/83.

Skrede, K.(1960): Sosioøkonomisk klassifisering av yrker i Norge. Oslo.